



Referansar: KM 08/26

Arkivsak: 24/01890-17

Saksdokumenter:

Mindre endringar i kirkevalgreglene

Mindre endringar i kirkevalgreglene

Samandrag

I denne saka blir det foreslått mindre endringar i kirkevalgreglene for å gjere dei meir tilpassa digitale løysingar, særleg ved å endre korleis kandidatopplysningar blir samla inn og kven som har ansvar for dei. Det blir også foreslått ei retting i paragrafen om presentasjon av kandidatar ved soknerådsvil. Til slutt blir det foreslått ei justering i reglane for oppdatering av manntalet, slik at dei som søker biskopen om overføring av soknetilknytning kan få dette registrert i manntalet også etter skjæringsdatoen 30. juni.

Forslag til vedtak

I

Kyrkjerådet gjer desse endringane i kirkevalgreglene vedtekne av Kyrkjemøtet i medhald av kirkevalgreglene § 20-4 andre avsnitt:

§ 5-6 skal lyde:

§ 5-6. Vedlegg til listeforslaget

Følgende opplysningar skal ligge ved listeforslaget:

- fødselsdato og bostedsadresse til personene som har underskrevet på listeforslaget 6
- kandidatenes *fødselsdato*
- bekreftelse* fra kandidatar som ikke er folkeregistrert som bosatt eller registrert i soknet eller bispedømmet, om at de vil være registrert der innen det digitale valget avsluttes
- bekreftelse fra kandidatar som ikke tilfredsstillar krav for valgbarhet når listeforslaget innleveres om at de vil være valgare når bispedømmerådet og Kirkemøtet trer i funksjon.

§ 5-14 skal lyde:

§ 5-14. Presentasjon av lister og kandidater ved valg til menighetsråd

Menighetsrådet skal utarbeide en presentasjon av kandidatene og listen(e). Presentasjonen av kandidatene skal inneholde de opplysninger som finnes på listeforslaget, jf. § 5-2. Presentasjonen bør også inneholde opplysninger om *utdanning/yrke/bakgrunn*, relevante verv, hva kandidatene vil arbeide for og bilde.

§ 5-15 andre ledd skal lyde:

Valgrådet skal utarbeide en felles presentasjon av kandidatene og listen(e). Presentasjonen av kandidatene skal inneholde de opplysninger som finnes på listeforslaget, jf. § 5-2, opplysninger om utdanning/yrke/bakgrunn, relevante verv og hva kandidatene vil arbeide for. Kandidatene presenteres også med bilde. For valg av medlemmer til Kirkemøtet og bispedømmerråd skal valgrådet også se til at tillitsvalgt for hver liste får mulighet til å gi en kort presentasjon av listen som tas inn i den felles presentasjonen. For valg av prest, kirkelig ansatt, døvemenighetenes representant og sørsamisk representant skal presentasjonen også inneholde hva kandidatene vil arbeide for, andre opplysninger som vil være av betydning for dem som skal avgi stemme, samt opplysninger om kandidatenes syn på aktuelle kirkelige spørsmål. *Kandidatene leverer selv informasjon til presentasjonen på den måten Kirkerådet fastsetter innen fristen for levering av listeforslag. For valg av medlemmer til Kirkemøtet og bispedømmerråd er listenes tillitsvalgte selv ansvarlig for at alle kandidater leverer informasjon til presentasjonen. Tillitsvalgt for listen skal få anledning til å kontrollere informasjonen den enkelte kandidat har registrert etter fristen for levering av listeforslag og før informasjonen blir publisert.*

II

Kyrkjerådet gjer denne endringa i kirkevalgreglene kapittel 13 vedteke av Kyrkjerådet i medhald av kirkevalgreglene § 20-4 fyrste avsnitt:

§ 13-5 femte avsnitt skal lyde:

Etter 30. juni i valgåret kan manntallet bare oppdateres på bakgrunn av følgende forhold:

- a. Krav om retting av feil, oppdaget feil eller klage.
- b. Ved innmelding. Dersom medlemskapet medfører at vedkommende får stemmerett ved valget, føres vedkommende inn i manntallet i bostedssoknet.
- c. Ved utmelding. Vedkommende strykes fra manntallet, med mindre vedkommende allerede har avgitt en godkjent stemmegivning.
- d. *Ved overført tilknytning etter kirkeordningen § 6 annet ledd.*

III

Endringane trer i kraft straks.

Saksorientering

Bakgrunn

Kyrkjemøtet 2026 vedtok kirkevalgreglene. Kyrkjerådet vedtok i januar 2026 kirkevalgreglene kapittel 13. Kyrkjerådet har mynde til å vedta mindre endringar i kirkevalgreglene, samt mynde til å vedta kapittel 13 om manntal, jf. kirkevalgreglene § 20-4.

I arbeidet med det nye valadministrative systemet har det dukka opp behov for nokon justeringar i kirkevalgreglene. Å kunne gjere denne typen endringar er i tråd med målet om digitaliseringsvenleg regelverk.

Etter gjeldene reglar kan høyring unnlatast om den ikkje vil vere praktisk å gjennomføra eller må «anses åpenbart unødvendig», jf. kirkeordningen § 42 første avsnitt, jf. forvaltningsloven § 37 fjerde avsnitt. Det blir lagt til grunn at det ikkje er nødvendig å sende endringane her på høyring etter unntaka her.

Endringar i kirkevalgreglene vedteke av Kyrkjemøtet

Innsamling av opplysningar om kandidatar

Kyrkjerådet arbeider med ein arbeidsflyt der kandidatar sjølv kan registrere opplysningar om seg sjølv i eit nett-skjema. I dag er opplysningane til presentasjonen av kandidatane definert som eit vedlegg til listeforslaget i reglane. For å opne for andre måtar å samle inn desse opplysningane blir det i denne saka foreslått å fjerne bokstav c i nåverande reglar. «opplysningar til valgrådets presentasjon etter § 5-14 eller § 5-15» frå opplistinga om kva som skal ligge ved listeforslaget. Nåverande bokstav d blir ny bokstav c osv.

For val til sokneråd blir det ikkje foreslått å regulere korleis desse opplysningane skal samlast inn. Erfaringa frå soknerådsvale er at det er krevjande å få inn kandidatinformasjon, og av omsyn til at veljarane skal gjere eit opplyst val blir det difor lagt vekt på å legge til rette for ein fleksibel praksis her. Når opplysningane ikkje lenger er vedlegg til listeforslaget vil ikkje nominasjonskomiteen ha ei formell rolle i å samle inn desse opplysningane. Det vil formelt sett vere soknerådet som er ansvarleg for opplysningane. I praksis vil det som regel vere ein lokal tilsett med tilgang til det valadministrative systemet som får ansvar for å få inn kandidatpresentasjonane og kvalitetssikre dei. Kyrkjerådet kjenner til at dette har vore vanleg praksis mange stader også tidlegare. Endringa er difor vurdert som ei formalisering av praksis og samtidig ikkje ei endring av prinsipiell karakter, og det er difor vurdert at dette er ei mindre endring som Kyrkjerådet kan vedta og som ikkje må sendast på høyring.

For val av medlem til Kyrkjemøtet og bispedømeråd blir det foreslått å legge til ei presisering i § 5-15 om korleis ansvaret for innlevering og kvalitetssikring av opplysningane skal skje. Grunngevinga for dette er at Kyrkjerådet går ut frå at grupperingar som leverer liste vil ønske å kunne sjå over det den enkelte kandidat har levert av opplysningar om seg sjølv. Det legg også det formelle ansvaret for at den enkelte kandidat leverer opplysningar på grupperingane. Ved val til Kyrkjemøtet og bispedømeråd er det allereie regelfesta at kandidatane skal presenterast med utfyllande opplysningar. Det er difor viktig at reglane er tydelege på kven som har dette ansvaret.

Sjølv om dette vil vere ein endring av korleis opplysningane blir samla inn i praksis, vil det ikkje endre kven som har ansvaret for opplysningane. Det er framleis dei som leverer listeforslag som har ansvar både for det som blir levert på sjølve listeforslaget og dei utfyllande opplysningane som blir levert gjennom nett-skjema. Denne endringa er difor også vurdert til å vere ei mindre endring som Kyrkjerådet kan vedta. Det har ikkje vore praktisk mogleg å gjennomføra ei høyring, og sidan dei ulike gruppene i Kyrkjemøtet også er representert i Kyrkjerådet, blir det vurdert slik at det ikkje er nødvendig.

For val av prest, kyrkjeleg tilsett, døvemenighetenes representant og sørsamisk representant blir det foreslått å regelfeste at det er kandidatane sjølv som er ansvarlege for å levere opplysningane. Ut over dette blir det ikkje foreslått regulering. Det betyr at ansvaret for korrektur og kvalitetssikring av dei innsamla opplysningane vil ligge hos valrådet, ikkje hos nominasjonskomiteane. Kyrkjerådet går ut frå at dette er i tråd med gjeldande praksis.

Opplysning om utdanning/yrke/bakgrunn til kandidatpresentasjon

I Kyrkjemøtet si handsaming av kirkevalgreglene blei det vedteke å endre § 5-15 så kandidatane skal opplyse om *utdanning/yrke/bakgrunn*. Denne paragrafen regulerer presentasjon av lister og kandidatar ved val til Kyrkjemøtet og bispedømeråd. Den har ein parallell paragraf om presentasjon av lister og kandidatar ved val til sokneråd i § 5-14. Det er ikkje nødvendig å ha like formuleringar i paragrafane, men for å forenkle arbeidet, både med digitalt val og kommunikasjon, blir det foreslått å justere også § 5-14 så den får same formulering som Kyrkjemøtet vedtok i § 5-15.

Kyrkjerådet si vurdering er at dette er i tråd med Kyrkjemøtet sin intensjon, og at det difor er ei mindre endring som Kyrkjerådet kan vedta. Kyrkjerådet vurderer òg at det ikkje er nødvendig med høyring om endringa.

Endringar i kirkevalgreglene vedteke av Kyrkjerådet

Etter kirkeordningen § 6 annet ledd kan en person søke biskopen om å få overført stemmerett til eit anna sokn enn der personen bur. Etter dagens reglar må ei slik endring vere registrert før skjæringsdatoen 30. juni for å få konsekvens for valet. Dette var ein endring frå reglane som gjaldt ved valet i 2023. Samtidig seier § 13-2 (5) bokstav a at retting av feil er mogleg etter 30. juni.

I arbeidet med nytt valadministrativt system har det blitt klart at det blir vanskeleg å legge til rette for at retting av feil får konsekvens for manntalet, men ikkje endringar som følgje av nye vedtak om overført tilknytning. Det vil enten krevje utvikling av ny funksjonalitet i medlemsregisteret eller at rettingar av feil må gjerast både i Den norske kyrkja sitt medlemsregister og i Den norske kyrkja sitt valadministrative system. Begge desse alternativa er vurdert som uheldige. Det er kjent at det er ein del feil i overført soknetilknytning i medlemsregisteret i dag, og det er ønskeleg at det blir enklast mogleg å rette desse feila.

Samtidig vil det også vere til beste for veljaren at eit vedtak om overføring av soknetilknytning får konsekvens for manntal og difor stemmerett sjølv om vedtaket kjem etter skjæringsdatoen 30. juni. Det vil gi fleire veljarar rett til å stemme i det soknet dei faktisk høyrer til på valdagen. Det vurderast at denne endringa er av teknisk karakter som ein ikkje trenger å sende på høyring.

Økonomiske/administrative konsekvensar

Forslaga i saka har som formål å legge til rette for gode prosessar knytt til kyrkjevalet som heilskap. Kyrkjerådet går ut frå at dei foreslåtte endringane vil spare arbeid både lokalt og i Kyrkjerådet. Endringa i innsamling av opplysningar gjer det tydelegare kven som har ansvar for ulike steg i prosessen. Formelt sett blir ansvaret for innsamling av opplysningar om kandidatane ved soknerådsval flytta frå nominasjonskomiteen til soknerådet, men Kyrkjerådet går ut frå at dette betyr lite i praksis. Kyrkjerådet vil oppmode alle sokn om å legge arbeid i å få denne presentasjonen så god som mogleg, men sidan kandidatpresentasjon ved soknerådsval er noko reglane seier at ein *bør* ha på plass, ikkje noko ein *skal* ha på plass, er ikkje dette arbeid som kan påleggast nokon å gjere.

Endringa av regel for oppdatering av manntal kan gjere at det blir noko meir administrativt arbeid med å handtere søknadar om overføring av soknetilknytning også tett opp mot valet og i valperioden. Samtidig vil det gjere arbeidet med å handtere manntalsendringane i same periode enklare.